



Notat

Dato: 13.05.2019
Arkivsak: 2014/10200-6
Saksbehandlar: lenfjel

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland – Rapport 2018

Hordaland fylkeskommune har gjennomført kartlegging av dei internasjonale aktivitetane ved dei vidaregåande skulane sidan 2007.

Målet med kartlegginga er å få oversikt over aktivitetar og aktivitetsnivået til skulane, og dessutan motivasjonen bak og eventuelle hindringar for det internasjonale arbeidet. Kartlegginga er viktig for på best mogleg vis å kunne følgje opp skulane på ein systematisk måte i arbeidet med internasjonalisering i opplæringa.

Vedlagt er rapport om den internasjonale aktiviteten i dei vidaregåande skulane for 2018.